



Petter Bergerud
Avdeling for Design,
Kunst og Designhøgskolen i Bergen

Dato: 02.10.2015
Vår ref.: 2014/23340-118
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak 2015

Tilsegn om kr 30 000,- til Kunst- og designhøgskolen i Bergen - "Floating Battle"

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot datert 30.09.2015. De søkte om kr. 30.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 30.000,- til Treprosjektet hausten 2015 frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2015.

PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

Å ufordre treet som materiale konstruktivt og prøve ut dei muligheter treet har for bearbeiding og kvalitativ foredling. Strukturane har òg form- og rommessig blitt bearbeidd med lys og effektar slik at dei har gjeve flotte opplevingar og eit tilskot til byens bebuarar i byrommets haustmørke.

Enkel skildring av prosjektet:

- å lage ein flytande konstruksjon i Lille Lungegårdsvann

PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Petter Bergerud

Planlagt slutt: 16. november 2015

VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er

klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.